



Hordaland FYLKESKYSTLAG

Styremøte i Hordaland fylkeskystlag 24.sept 2019

Kl 18.30 på Elsesro, Bergen kystlag

Desse møtte: Thomas Johnson, Per Otto Svendsby, Liv Bjerknes

Tilgjengeleg på tlf – Kjell Magnus Økland (deltok), Cecilie Holm og Eirik Ådnanes

Sak 1 - Åreblad

Frist for innsending av saker – 20.oktober

Bladet vert då utgjeve ca 1.nov

I tillegg til å vera eit godt blad med lesestoff frå kystlagsinnsats rundtom i fylket, vert dette bladet brukt til å førebu fylkeslagssatsingar i det komande året, m.a. å setje i gong arbeidet med å finna ny arrangør for den store roen og årsmøtestad, og til å invitere lokallaga til å løfte fram ein person som dei meinar har gjort mykje for kystkulturen lokalt. Det siste kan verta ein fast spalte i bladet framover.

Vi må gjera ein innsats i tida fram mot 20.oktober for å sikra at det kjem inn saker til bladet.

Sak 2 - Oppdatering av kystlagssidene på nett

Kjell tek tak i dette og får ut styrererferat og ei oppdatert sak om den store roen

Sak 3 – Fylkeskystlaget og landsstemnet 2020

Fylkeskystlaget ønskjer å koordinera ein presentasjon av lokallaga i fylket til landsstemnet. Tanken er todelt – a) ein presentasjon av laga for tilreisande – kva er typisk for oss på Vestlandet og b) ein presentasjon retta mot moglege nye medlemmar – kva gjer laga og kva du kan oppleva som medlem i lokallaget.

Tanken er å fremje samhald gjennom å bli betre kjend med dei andre laga i fylket, løfte fram alle dei ulike aktivitetane i fylket og rekruttere nye medlemmar. – Fylkeskystlaget inviterer til felles presentasjon på landsstemnet.

Fylkeskystlaget vil utarbeide ein mal for presentasjonane slik at det vert ei fellesframtoning på materialet.

Presentasjonen vert å setje opp i grindebygget. Det kan og tenkjast at lokallaga får tilbod om å dele på bemanningen av grindebygget gjennom landsstemnet slik at interesserte publikummarar kan henvende seg direkte til lokallaga.

Sak 4 - Fellesnaust/utlån av båter

Fylkeskystlaget ønskjer å halde seg orientert om prosjekta som handlar om utlån av båtar og fellesnaust, og ser at dette kan vera eit godt rekrutteringstiltak i framtida. Fleire av modellane vart drøfta og behovskilnadene mellom lokallaga på by og bygd vart nemd.

Nokre spørsmål: Kan eit kystlag låne/leige ut småbåtar til alle, også ikkje-medlemmar, som ein liten inntektskilde og eit rekrutteringstiltak? Fellesnaust er den krevjande måten å organisera dette på. Kan mindre lokallag på bygda få til dette på ein enklare måte ved å ha en båt eller to liggjande klåre til bruk med eit enkelt utleigesystem?

Sak 5 - Samarbeid på tvers av organisasjoner

Fylkekystslaget vil setja fokus på samarbeid med andre lag og organisasjoner i det komande året. Forslag om at neste utgåve av Åreblad har samarbeid som tema, og at ein inviterer lokallaga til erfaringsutveksling i temabladet. Fylkeskystslaget ønskjer å høyre om døme på vellukka samarbeid med andre lag/organisasjonar lokalt.

Døme:

Kystkulturkveld på biblioteket - med innslag frå ulike lag i lokalmiljøet.
Aktivitetstilbod til skulane – på sjøen, i naust, til og med i sløydsalen?

Føremål - Rekruttering og presentasjon av aktivitetane våre til nye/andre publikumsgrupper.
Tiltaket vil også skape aktivitet i laget

Sak 6 – Den store roen

Per Otto tek ansvaret for å laga ein reportasje om den store roen. Han vil ta kontakt med arrangøren og samla foto og fungera som redaktør for artikkelen.

Sak 8 – Økonomi

Laget har sett av midlar til trykking av Årebladet. Økonomiansvarleg rapporterer at det er bra økonomi i laget.

Sak 8 – Ymist

Saker til årsmøte – namnejustering til Vestland Fylkeskystlag og invitasjon til fleire maritime lag som ikkje er medlem i Forbundet Kysten pr i dag. Kjell trykker opp ca 10 ekstra blad til utdeling og tek kontakt med moglege samarbeidspartnere

Heider til arrangøren av Den store roen vert å dele ut på årsmøte i fylkeskystslaget frå og med 2019

Møtet slutt kl 20.40

Ref. Thomas Johnson